



Foreldre og føresette til elever i grunnskulen i Meland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2436 - 18/25416

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

04.12.2018

## Informasjon til foreldre og føresette om handsaming av personopplysningar til elever i Meland kommune

Frå 1.august 2018 gjeld nytt norsk personvernregelverk og EU sin personvernforordning GDPR (General Data Protection Regulation).

I orientering frå regjeringen.no står det:

*«Virksomheter får utvidete plikter, herunder til å informere om hvordan virksomheten behandler personopplysninger, til å utrede personvernkonsekvenser ved tiltak som utgjør en stor risiko for personvernet og til å varsle om sikkerhetsbrudd.»*

### Samtykke

Skulane i Meland nyttar eige samtykkeskjema ved innskriving av elever om:

- fotografering til heimesida
- fotografering til avis
- fotografering/ filming til web-tv
- køyring i privatbilar ved enkelte høve (føreset forsvarleg sikring)
- utdeling av klasseliste med namn, adresse og telefonnummer til elevane og foreldra i klassen
- avtale for eleven sin bruk av data og digitalt nett

### Arkiv

Meland kommune har sidan januar 2014 vore organisert med felles postmottak og digitalt saksarkiv, «Websak Fokus.» Elevmappene er digitale, ei mappe pr. elev, der all arkivverdige elevdokumentasjon vert arkivert. Eleven sitt personnummer vert nytta til å identifisere rett person. Post til arkivering i elevmappe skal sendast eller leverast til felles postmottak (Dokumentsenteret) på rådhuset. Obs ! Personsensitiv informasjon skal ikkje sendast på epost. Dokumentsenteret skannar inn all post og journalfører/arkiverer i kvar enkelt si elevmappe. Utsending av brev frå kommunen skjer i hovudsak digitalt via «Websak Fokus» og løysinga «SvarUt», der mottakar får brev direkte i eigen digital postkasse. Korrekt mottakaradresse blir henta frå Folkeregisteret via integrasjon mellom Websak Fokus og Folkeregisteret. Det er rektor på kvar enkelte skule som «eig» alle elevmappene. Skulesekretær og dokumentsenteret har også tilgang. Dette er naudsynt for å kunne journalføre/ arkivere i elevmappa. For lærarar med behov for å lese enkeltdokument i

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

ei elevmappe, arbeider vi med ei løysing for *lesetilgong* til aktuell lærar. Dette er det dokumentsenteret, saman med rektor og sekretær som administrerer.

### **Administrasjonssystem**

Meland kommune har eit skuleadministrativt system som er *Visma Flyt*. Her er elevar og foreldre registrert med personnummer. Opplysningar i dette systemet blir oppdatert frå Folkeregisteret fire gongar i året. Personnummer til foreldre vert brukt ved sfo-fakturering.

Visma Flyt inneheld i tillegg modular for:

- å generere ut felles sms og epost med informasjon til foreldre
- vurdering med *lesetilgong* til foreldre via bankid, i samband med utviklingsamtalar.

Skulane brukar den digitale løysinga *Conexus engage*, som er eit program for å gjennomføre kartlegging og vurdering, og samle kartleggingsresultat historisk for elevar og trinn. Det er rektor og skulefagleg rådgjevar som administrerer brukartilgongar. For å identifisere rett person blir personnummer brukt i registrering av elevane. Register blir oppdatert frå *Visma Flyt*.

### **Digitale læringsarena for elevane**

Meland kommune kjøper tenester av IKT Nordhordland. Vi nyttar *feide-pålogging* for elevar og tilsette til eigne område på server, og nettsider med skulelisens. Det er selskapet *Identum* som eig dette systemet, og lærarar og skuleadministratorar kan lage og endre passord til elevane. Elevane er registrert som elevar i Meland kommune, på det trinnet dei tilhøyrer, og med eit brukernamn.

*Its Learning* er ei digital læringsplattform for øvingar, lekser og deling av dokument. Elevane får eigne brukernamn og passord til å logge seg på. 1.-2.kl. har klassesålogging. Avtalen som kommunen har med *its learning* går ut 31.12.2018 og det er vedteke at *Canvas* skal erstatte *its learning* 01.01.2019 i regionen. Alle tilsette jobbar hausten 2018 med å sette seg inn i korleis vi skal bruke denne læringsplattforma. Vi arbeider med digital kompetanse med verktøyet IKTplan.no, digitale læreverk og Tavlebøker til smarttavler.

### **Skulane deler informasjon med følgjande instansar og personar:**

- Biblioteket (treng data for å lage lånekort)
- Kulturskulen (ønskjer å sende invitasjon for påmelding)
- Hordaland fylkeskommune (hospitering på VGS, inntak til VGS)
- Knarvik-mila (skulen melder på elevgrupper)
- Tine-stafett (skulen melder på elevgrupper)
- DNT - Opptur (skulen melder på elevgrupper)
- Fotograf (til klassebileter, portrett)
- Foreldrekontakt (for å nå andre føresette til diverse arrangement , etc.)
- Cert (Fylkeskommunen sitt system for bestilling av busskort og spesialskyss)
- Trivselsprogrammet ( TL-elevar blir registrert og får kulturkort)

Aktuelle data som vil bli delt ut er:

- SkuleKlasse
- NamnAdresse
- FødselsdatoKjønn
- Mobilnummer til føresette

Meland kommune viser til Datatilsynet sine nettsider som gir fylldig informasjon om rettar og plikter.

<https://www.datatilsynet.no/personvern-pa-ulike-omrader/skole-barn-unge/>

Datatilsynet skriv mellom anna om bruk av fødselsnummer:

*«Fødselsnummer i skule og barnehage*

*Ein skal ha saklege grunnar til å bruke fødselsnummeret til barn i skule- og barnehagesamanheng. I nokre tilfelle kan det likevel være nødvendig for å sikre tilstrekkeleg identifisering.*

*Bruk av fødselsnummer i skule:*

*I enkelte tilfelle er faren for forveksling av barna spesielt stor, og konsekvensane av ei forveksling kan få uheldige konsekvensar. Bruk av fødselsnummer kan vere nødvendig for ei sikker identifisering av kvar enkelt elev. Dette kan for eksempel gjelde ved:*

*1 kommunale samordna opptaksprosessar*

*2 ulike rapporteringsplikter knytt til karakterar i grunnskulen - her krevst større tryggleik når personopplysningar om mange elevar blir brukt»*

Dersom de ynskjer meir informasjon, kan de ta kontakt med rektor på den aktuelle skulen.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen  
skulefagleg seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Foreldre og føresette til elevar i  
grunnskulen i Meland